

Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Bergen, 04.09.2015

Fråsegn gjeldande framlegg til reguleringsplan for Busdalen-Meierihola-Grustaket-Øysteseelva (planid: 20130009)

Vi viser til vedtak i NPB-utvalet 02.06.15 om å leggja ut reguleringsplan for Busdalen-Meierihola-Grustaket-Øysteseelva til offentlig ettersyn.

I saksutgreiing NPB-041/15 vert det skrive: "Planen legg til rette for å utvida eksisterande næringsformål i Grustaket (N4) ved å fylla ut i elva og planera nytt næringsareal. Planlagd deponi for Øystese Kraftverk AS kan utgjera store deler av utfyllinga – dersom det vert gjeve konsesjon".


I KU for reguleringsplanen vert det presisert: "Reguleringsplanen opnar for utfylling og muring /plastring i elva ved Grustaket og ved Storeholmen, og to små eksisterande sideløp vil då verte ført inn mot hovuddelen av elva. Vatnet i elva vil få noko smalare løp ved desse to punkta".

Vi meiner Kvam herad må unngå ei utfylling i Øysteseelva. Vi ber Kvam herad om å ta opp spørsmålet om næringsareal i samband med rullering av overordna arealplan, og her søka å finna ein annan stad for næringsareal som ikkje kjem i konflikt med vassdragsnaturen og naturverdiar. Det må vera mogleg å finna ei meir framtidretta og betre løysing som kan stetta behovet for nytt næringsareal.

I utgreiingsprogram (NVE, 11.05.2011) for Øystese Kraft AS måtte søkar gjera greie for handtering av deponimassar. I fagrapporten frå Rådgivende biologer vert det skrive: "Siden det er planlagt massedeponi langs vassdraget oppstrøms anadrom strekning, må det etableres avskjærende grøfter for å hindre tilrenning av sprengsteinstøv og sprengstoffrester til vassdraget i anleggsfasen". I same fagrapport vert det føreslått oppfølgjande undersøkingar: "Det bør tas prøver av vannkvaliteten nedstrøms planlagt massedeponi, slik at man er sikre på at laks og sjørret ikke blir påvirket av utslipp av sprengsteinstøv og giftige nitrogenforbindelser".

Vi vil be Kvam herad om å ta utgangspunkt i ei heilskapleg vassforvaltning i tråd med vassforskrifta og naturmangfaldlova. Heilskapen i forvaltninga av vassdraget er viktig – særleg i spørsmålet om grad av modifisering av Øysteseelva, ivaretaking av kvalitetane i vassdraget, ivaretaking av vassdragsmiljø og mogleg vurdering av vernespørsmålet i framtida. Vi vil også visa til at det føreligg eit representantforslag i Stortinget om vern av Øystesevassdraget (jf. Dokument 8:147S (2014-2015)). Representantforslaget er førebels ikkje handsama i Stortinget. Ei utfylling i Øysteseelva ved Grustaket og Storeholmen vil vera uheldig uavhengig av utfallet av verne- og konsesjonsspørsmålet. Vi kan heller ikkje sjå at konsekvensar for vassdragsmiljø og anadrom strekning i Øysteseelva er tilstrekkeleg handsama i det faglege grunnlaget for reguleringsplanen. Vi rår difor Kvam herad om å leggja vekk planane om utfylling i Øysteseelva.

Vi er positive til at Kvam herad ønskjer å gjera elvelaupet tilgjengeleg ved å etablera ein gangsti som fører frå brua til ungdomskulen/idrettsområdet og opp til Busdalen. Vi føreset at dette tiltaket ikkje vil medføre utfylling i Øysteseelva.



FNF Hordaland burde ha vore inkludert som høyringspart på mottakarlista (datert 12.06.15). Vi ber difor om å verta lagt til som høyringspart i denne saka. Øystesevassdraget er eit prioritert vassdrag for natur- og friluftslivorganisasjonane i fylket. Vi ber difor Kvam herad om å halda FNF Hordaland orientert om alle planar og tiltak som gjeld Øystesevassdraget.

Vennleg helsing

Helene Ødven
Daglig leder
Bergen og Hordaland Turlag

Nils Tore Skogland
Daglig leder
Naturvernforbundet Hordaland

Alv Arne Lyse
Fylkessekretær
NJFF Hordaland

Kontaktperson for saka: Johanna Aarflot, fylkeskoordinator, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland
Sakshandsamar: Nicolas Rodriguez